



Rådmannen
Dir.innv.: 56 52 40 11
Fax.nr.: 56 52 40 01

Det kongelige Kommunal- og regionaldepartement
Postboks 8112 Dep
0032 OSLO

Dykkar ref.: Vår ref.: 06/280 - 3 Arkivkode: K1-019 Dato: 20.09.06

Høyringsnotat med framlegg til endringar i vallova

Viser til brev frå dykk datert 20.06.06 vedkomande høyringsnotat med framlegg til endringar i vallova.

Granvin formannskap har i møte den 19.06.06 gjort slikt samrøystes vedtak i pkt 1 til 4:

1. Granvin herad meiner det bør vera staten sitt ansvar å senda ut valkort til alle veljarar og at staten tek kostnaden.
2. Granvin er samd i at førehandsrøysteperioden vert avslutta torsdag før valet, men for veljarar som førehandsrøystar i eigen kommune bør fristen vera siste laurdag før valet.
3. Ingen merknad til frist for å søkja om å få gi røyst ved ambulerande røystemottaking.
4. Granvin meiner at førehandsrøystingane må vera komen fram til røystestyre innan måndag kl 20 (slik som i no gjeldande vallov).

Til dei andre framlegga har ikkje Granvin herad merknad. Heradet har heller ikkje merknad til dei andre tema når det gjeld skjeringsdato eller politiske meiningsmålingar.

Med helsing

Erling Bruvik
Ass.rådmann
Direkte tlf. 56524011

Postadresse: Postboks 40, 5733 GRANVIN e-post: postmottak@granvin.kommune.no	Telefon: 56 52 40 00	Telefax: 56 52 40 01	Org.nr.: 844162502	Bankkontonr.: 6501 05 67305	Postgirokontonr.: 0803 5786504
--	--------------------------------	--------------------------------	------------------------------	---------------------------------------	--